

Årsmelding 2004



Dåpspåminning. Frå gudstenesta på Bulandet ved avslutninga av Barneåret. Foto: Kari Eikenes Vengen



BJØRGVIN BISKOP OG
BJØRGVIN BISPEDØMERÅD

Innheld

SLIK STÅR DET TIL 1

Brei vurdering av den kyrkjelege situasjonen i Bjørgvin bispedøme.....	1
Liv og virke i kyrkja i Bjørgvin	2
Born og unge	2
Trusopplæring	2
Gudstenestelivet.....	2
Kyrkjelege handlingar.....	2
Inn- og utmeldingar.....	2
Kyrkjemusikk.....	3
Evangelisering, misjon, økumenikk.....	3
Diakoni.....	3
Menneske med utviklingshemming.....	3

DETTE HAR VI GJORT 3

Ei særskilt tilstandsvurdering i lys av hovudmål 1 i tildelingsbrevet	3
Born og unge.....	3
Trusopplæring.....	4
Verksemda til bispedømeråd og biskop	4
Bispedømerådet.....	4
Gudstenestelivet.....	4
Kyrkjemusikk.....	4
Medarbeidarskap.....	5
Tiltak for menneske med utviklingshemming	5
Tiltak for foreldre og tilsette omsorgspersonar til menneske med utviklingshemming	5
Forbruk og rettferd.....	6
Homofile i kyrkja	7
Tilskot til kyrkjeleg verksemd i kommunane	7
Kyrkjelov	7
Gravferdslov	7
Kyrkjelege bygningar og inventar	8
Kommunikasjon.....	8
IT.....	8
Biskopen sitt tilsynsansvar og vigslingsmynde	8
Visitas og vigslig.....	8
Sjømannskyrkja / Norsk kyrkje i utlandet	8
Prostetenesta.....	9

PRESTETENESTA 9

Ei særskilt tilstandsvurdering i lys av hovudmål 2 i tildelingsbrevet	9
Organisering og leiing av prestetenesta. 9	
Rekrutteringstiltak.....	9
Vikarordningar	9
Arbeidsmiljø, Helse, miljø og tryggleik.....	10
Fengselsprestetenesta	10
Prestebustader	10
Likestilling.....	10
Kompetanseutvikling 11	
Retreatarbeidet	11
Arbeidsvegleiing (ABV)	12
Seniorpolitikk og fritid	12

KOMMENTARAR TIL ÅRSREKNESKAPEN 2004 12

VEDLEGG	13
1. Gjennomført program for biskopen 2004.....	13
2. Barneåret – sluttrapport.....	13
3. Strategiplan for Bjørgvin 2005 - 2008.....	13
4. Spørjeundersøking om medarbeidarsamtalen blant prestane.....	13
5. Nøkkeltal – kyrkjeleg statistikk for bispedømet.....	13
6. Etatsstatistikk	13

Slik står det til

Brei vurdering av den kyrkjelege situasjonen i Bjørgvin bispedøme

Året 2004 slutta forferdeleg. Flodbølgja i Asia tok over 200 000 liv. Mange hundre nordmenn vart meldt sakna. Situasjonen for pårørande og hjelpearbeidrarar var kaotisk.

Sjømannskyrkja/Norsk kyrkje i utlandet ommøblerte straks nokre av medarbeidarane sine og var i gang alt det første døgeret. I ettertid har organisasjonen fått stor takk og mykje ros. For meg som tilsynsbiskop har det vore viktig å følge opp medarbeidarane utover i det nye året. Medarbeidarar frå Det Norske Misjonsselskap skal òg ha takk for rask og svært kvalifisert innsats.

Tidleg på året gjekk lastebåten Rocknes rundt. 18 sjøfolk omkom. Då òg måtte vi gå opp nye vegar. Dei aller fleste var filippinarar og katolikkar. Den store sørjegudstenesta vart til eit samarbeid mellom to kyrkjesamfunn som gjensidig støtta kvarandre i ei felles teneste for sørjande.

Eg vil elles nytte høvet til å gje ros til prestar og diakonale medarbeidarar for det kvalifiserte arbeidet dei gjer ved alle "kvardagsulukkene" året gjennom. Profesjonelt sorgarbeid er kombinert med ein trygg vilje til åndeleg medvandring i eit strevsamt sorglandskap.

Barneåret vart avslutta i juni 2004. Rapportar og evalueringar er eintydige på at visjonen vart til handling. Borna er langt meir i fokus ved gudstenestene enn før. Trusopplæringsreforma har fått ein uvanleg god start. Kveldsbøna er komen i fokus i det offentlege rommet. Barnekatedralen i Bergen sentrum er vorten eit omgrep.

I inneverande semester vert nyskipinga med eit sokn i Bergen sentrum evaluert. Tala seier likevel alt no at reforma ha gjeve

frukter: Talet på konfirmantar er gått opp frå 31 konfirmantar i 2003, til 65 i 2004 og 86 (som no følger konfirmantundervisninga) i 2004/05. Prosentdelen konfirmantar av medlemer i konfirmasjonsalder har auka frå 29 prosent i 2003 til 76 prosent i 2004/05. Det er fleire totalt som går til høgmesse i Bergen sentrum no når det er 4 kyrkjer med 220 gudstenester enn det var i 2001 før samanslåinga med 6 kyrkjer og 344 gudstenester. I tillegg kjem ei svær auke ved friare gudstenester og møte om ettermiddagar og kveldar. Også dåpstala i Bergen sentrum har gått opp, frå 93 i 2002 til 180 i 2004, ei dobling på to år

Nett no står vi oppe i arbeidet med implementering av dei nye tenesteordningane for kyrkjelydsprest og prost. Leiarterningsprogrammet for prostane har vi lukkast med. Dei har på positivt vis fått arbeide med endringsleiing. Prosessen har framleis kraft og framdrift, men det er eit godt stykke før vi er framme. Mellom prestane er det mange som er usikre og berre rimeleg motiverte. Det er heilt klart naudsynt å få tilført friske pengar dersom denne reforma skal lukkast. Ikkje minst vert "holet" etter prosten synleg. Ved prosteseta må det verte tilført meir presteteneste.

Biskopen og bispedømerådet har i desember vedteke Strategiplan 2005 – 2008. Prosessen med denne planen har vorte ført gjennom store delar av det siste året. Vi fekk gledeleg mange innspel frå sokneråd og fellesråd og prosessen skapte engasjement. Planen har fått ei ny og enklare form. Han tar utgangspunkt i den overordna målsettinga vår, som no er under huda på mange medarbeidarar: "Saman vil vi gjere Kristus kjent, trudd, elsa og etterfølgd." Planen har fire satsingsområde: Saman som medarbeidarar, saman om trusopplæring, saman om gudstenesta og saman som forvaltarar. Tilbakemeldingane på planen er gode.

I den nye soknerådsperioden vil vi ha stort fokus på medarbeidarfostring, gudstenestearbeid og andeleg leiarskap.

Seinhaustes 2004 hadde eg studiepermisjon og las meg opp på desse tema. Her tenkjer vi å setje ein heil soknerådsperiode som ramme for arbeidet.

Biskop Ole D. Hagesæther

Liv og virke i kyrkja i Bjørgvin

Born og unge

Barneåret i Bjørgvin følgde skuleåret 2003/2004. Samla sett er vi visse på at Barneåret fekk eit breitt nedslag, og mykje kreativt og godt vart gjort lokalt. (Jfr. elles omtale side 1 og vedlagde sluttrapport for Barneåret).

Trusopplæring

Trusopplærings-satsinga fekk eit godt springbrett i Barneåret. Vi ser eit svært stort engasjement i høve til denne satsinga med stor pågang etter vegleiing og hjelp til å jobbe både med *strategi for trusopplæringa* og til å skrive søknad. Vi ser ein stor vilje til å leggje til rette for trusopplæringa, men mange treng innspel særleg med tanke på ei breiddetenking i satsinga. Det er òg spørsmål om korleis ein skal organisere dette når ein ikkje kan nytt SFO-tida, sidan mange i distrikta er avhengige av skulebuss og der det er svært lange avstandar.

I konfirmantarbeidet er det særleg gledeleg å sjå korleis Bergen domkirke menighet har makta å snu ein negativ trend i oppslutnaden. Dette syner kor viktig det er med eit godt opplegg som og vektlegg positive vaksenrelasjonar i konfirmanttida.

Når det gjeld skule-kyrkjessamarbeidet og den pågåande debatten om KRL-faget, ser biletet noko annleis ut i Bjørgvin med ein dåpsprosent på over 80. Dei fleste stader går samarbeidet mellom kyrkja og skulen godt. Det er planar for samarbeidet dei fleste stader, og slett ikkje så mykje uro omkring faget som det var i starten.

Gudstenestelivet

Eit av måla i Barneåret var å involvera born i gudstenestelivet. Det har ein lukkast med, det vert meldt at fleire no involverer barn og unge i både gudstenestene og arbeidet rundt. Familiemessa er tatt i bruk fleire stader.

Fleire stader i bispedømet er det forsøk med alternative gudstenester. Til dømes har Loddefjord menighet i Bergen denne hausten hatt høgmesse kl 10 og lovongsongsgudsteneste kl 12 og melder om auka oppslutning samanlagt.

Auken i gudstenestebesøket dei siste åra er snudd til ein liten nedgang. Totalt i bispedømet har det vore ein nedgang i gudstenestebesøket på 0,6 prosent på hovudgudstenester. Men gjennomsnittleg gudstenestedeltaking på hovudgudstenester er 105, det same som i fjor. Dersom ein inkluderar andre gudstenester, det omfattar også spesielle gudstenester som varierar frå år til år, så er nedgangen i gudstenestebesøk på 1,5 % frå 2003, det vil seia litt over nivået frå 2001

Talet på nattverdgjester som gjekk opp i fjor er gått litt ned (165648 i 2004, 170576 i 2003) men er framleis over 2002-nivå. Summen for offer i kyrkja har gått opp 2,6%, som er meir enn prisstiginga (17.752.317 kr i 2004, 17.296.807 kr i 2003).

Kyrkjelege handlingar

Talet på konfirmantar aukar i 2004 som i 2003. Det er ein nominell auke på 6 % (5865 i 2003, 6238 i 2004), og sjølv om det er større årskull har konfirmasjonsprosenten auka frå 78% i 2003 til 80 % i 2004. Men auken er ulikt fordelt i bispedømet og er særleg stor i vektsentra i Bergensområdet. Det er grunn til å ha merksemld på auken i belastning dette utgjer for dei tilsette, og kva det kan innebera for fordeling av ressursar. Talet på døypte har auka med 4 % (6186 i 2003, 6455 i 2004), i 2003 var dåpsprosenten 87%. Det var 113 færre kyrkjelege vigslar i 2004 (1347) enn i 2003 (1487), ein nedgang på 9%.

Inn- og utmeldingar

Det var 98 innmeldingar mot 95 i 2003 og 531 utmeldingar mot 415 i 2003.

Kyrkjemusikk

Svært mykje godt arbeid er i gong rundt i dei lokale kyrkjelydane. Dette gjeld både arbeidet som sorterer under soknerådet og forankringa / kontakten mange kyrkjemusikarar har ut mot det lokale musikkliv. Bygd og by er full av menneske som vil samarbeide med kyrkja og ta aktivt del i arbeidet. I denne samanheng representerer kyrkjemusikarane eit unikt nettverk. Mange stader er det kyrkjemusikalske arbeidet ein integrert del av trusopplæringa med barne- og ungdomskor, fasearbeid knytt opp mot dåpsplanar, kyrkjesøk (skuleklassar og andre), konfirmantarbeid. I barneåret var mange engasjerte i ulike prosjekt, då særleg via korarbeidet og ulike samspelgrupper. Organistar og kantorar medverkar i stor grad i skule- kyrkjesamarbeidet, og til å knyta kontaktar mellom kyrkje og kulturliv. Kyrkjemusikarane er ofte ei av drivkraftene i det liturgiske arbeidet knytt opp mot gudstenestelivet. Innan dette feltet er engasementet stort og den faglege kompetansen høg.

Evangelisering, misjon, økumenikk

Misjonsengasjementet i Bjørgvin er stabilt høgt, men det gjer seg ikkje utslag i så mange misjonsavtalar. Talet på avtalar ligg stabilt, om lag 50% av kyrkjelydane har samarbeidsavtale.

Alpha

Om lag 20 kyrkjelydar arrangerte Alpha-kurs i 2004.

Diakoni

Talet på diakonar i kyrkjelydane stig jamt, sjølv om det ikkje er så mange i forhold til talet på kyrkjelydar i bispedømet. Kommunar og kyrkjelydar er veldig kreative når det gjeld å få skrapa saman nok midlar til ei stilling. Mange har fått augo opp for kor viktig og allsidig ein diakon er både for den lokale kyrkja og lokalsamfunnet.

Menneske med utviklingshemming

Arbeidet med å inkludera menneske med utviklingshemming i kyrkjelydane er eit langtidsprosjekt – som ikkje går av seg sjølv

og som for det meste går føre seg i motbakke. Det er ikkje råd for ein kyrkjelyd å begripa kvifor dette er så viktig, utan at ein får oppleva kva dette fellesskapet er i praksis. Men vi ser likevel ein tendens til at ein går frå å ha spesialgudstenester for utviklingshemma til å integrera dei i gudstenester som er for alle og at erfaringane frå det liturgiske arbeidet med utviklingshemma gjev gode impulsar til gudstenestearbeidet.

Dette har vi gjort

Ei særskilt tilstandsvurdering i lys av hovudmål 1 i tildelingsbrevet

Hovudmål 1: Kyrkjjerådet og bispedømeråda skal initiere og legga til rette for felleskyrkjelege tiltak og for realisering av dei mål og satsingsområde som Kyrkjemotet har gjort vedtak om, og bidra til at kyrkjeleg tilsette og valde rådsmedlemer har kompetanse til å ivareta sine oppgåver. Dei kyrkjelege organa skal fremja samarbeid og god kommunikasjon med dei frivillige kristelege organisasjonane, mellom kyrkja sine organ og mellom kyrkje og samfunn.

Born og unge

Resultatmål 3.1.1: Det skal gjennomførast tiltak for å styrkja kyrkja sitt arbeid blant barn og unge.

Fellestiltaka for born om våren var i særleg grad den tverrfaglege konferansen "Kven bryr seg?" - om born med vanskelege oppvekstvilkår. Konferansen samla både kyrkjelege tilsette, lærarar, forskulepersonell og tilsette i sosial- og helsektoren. Fleire av dei fremste föredragshaldarane på feltet var med og gav konferansen eit høgt fagleg nivå. Konferansen fekk svært god evaluering frå deltakarane, og ikkje minst syner responsen kor viktig det er at kyrkja tek slike initiativ. Barneåret vart avslutta ei heil helg på

Bulandet i Askvoll. Vi har medvite lagt både starten og avslutninga til stader langt frå Bergen og ut i havgapet. Vi meiner dette har vore viktig signal om at born blir sett og verdsett også i distrikta. I oppsummeringa har vi merka oss kor mykje omtale Barneåret har fått i media. Det har vore særlett å få ulike media på bana, og dette har sett kyrkjå på dagsordenen frå ein ny vinkel dette året.

På ungdomssektoren har vi dette året fått etablert Ungdomstinget som eit viktig møtepunkt for leiarane i ungdomsarbeidet. Dette samla om lag seksti leiarar til ei innhaldsrik samling med godt program og ungdomspolitiske drøftingar i mars månad. I tillegg har vi sett i gang eit prosjekt i Midhordland prosti, der ein vil arbeida med vegleiring, kursing og oppfylging av unge leiarar. Resultata her vil vi nyta vidare i andre prosti.

Trusopplæring

Resultatmål 3.1.2: Kyrkjelydane skal stimulerast til styrka innsats innan dåpsopplæring.

Vi har lagt til rette for eit fokus på arbeid med strategi blant anna med tanke på alle kyrkjelydane som ikkje får tildelt prosjektmidlar. I desember hadde vi eit seminar i samarbeid med Norsk Lærerakademi med sytti deltakarar der dette var tema.

I Bjørgvin prioriterer vi og legg til rette for å arbeida strategisk med trusopplæringa innafor *ein* aldersfase. Vi har vald ut 0-4 års fasen med foreldre og fadrar, og kalla satsinga ”**NYE STEG**”. Det viser seg likevel å vere tungt å motivere kyrkjelydane for denne prioriteringa. Vi har blant anna øyremerk noko OVF-midlar, men svært få søknadar var spissa inn mot dette. Vi veit ikkje kvifor det er slik, kanskje dei fleste konsentrerer seg om søknadar til trusopplæringsprosjektet.

Verksemda til bispedømeråd og biskop

Resultatmål 3.1.3: Verksemdene si organisering, kompetanse og kapasitet skal vera tilpassa oppgåvene. Oppgåveløysinga skal vera brukarorientert og prega av effektivitet og kvalitet.

Bispedømerådet

Bjørgvin bispedømeråd har i 2004 hatt 9 møte og handsama 110 saker.

Gudstenestelivet

Bispedømekontoret har hatt to tiltak på gudsteneste. På stiftsmøtet i juni vart det lagt vekt på å visa nye gudstenesteformer til inspirasjon. Det var Taizé-gudsteneste og forbøns-gudsteneste med spesiell vekt på song og musikk i samarbeid med kyrkjemusikarane.

I slutten av november vart det i samarbeid med KFUK/KFUM skipa til eit kurs om barn og gudsteneste, ”Den store gudstenestedugnaden”, som samla mykje folk både i Sogn og Fjordane (40) og i Hordaland (100). Det var spesielt gledeleg at det var god deltaking frå alle yrkesgrupper også kyrkjemusikarane, det heva kurset. Tilbakemeldingane frå arbeidet med lokale gudstenesteverkstader og involvering av born i gudstenesta 1. sundag i advent har vore gode.

Kyrkjemusikk

I 2004 var det for fyrste gong på fleire år ein tilsett kyrkjemusikalsk konsulent i 20% stilling, og ein har satsa på å skapa faglege møteplassar for organistar og kantorar i prostia og skipa til fagdagar. Vi har gjennomført mange fagdagar både på prosti- og bispedømeplan.

Innhaldsmessig har vi hatt stor breidd i tema og emneval, bl.a. improvisasjon og ”afrikansk musikk til gudstenestebruk” og mange har gjeve positive tilbakemeldingar. Fleire har peika på nytten av tverrfaglege samlingar; både fagleg og sosialt. Det var særleg positivt at så mange kyrkjemusikarar deltok under stiftsmøtet på Voss 8.-10. juni.

Til fagdagane er det løyvd økonomisk stønad frå ulikt hald.

Kyrkjemusikk-konsulenten har i 2004 lagt vekt på å opprette og halde kontakt med medarbeidarane i bispedømet. I dette arbeidet har nettverksbygging vore eit satsingsområde av stor nytte. Vi har utfordra ein kontaktperson i kvart prosti. Denne fungerer som ein "lokal" ressurs på ulike vis. I tillegg har ho vore sekretær for drift av kyrkjemusikk- utvalet og arbeidd med rekruttering.

Rekruttering av kyrkjemusikarar er eit omfattande arbeid der ein må tenkje langsiktig og strategisk. Kyrkjemusikarane spelar ei sentral rolle på lokalplan. God kontakt med det lokale musikkliv og brei kontaktflate er viktig i denne samanhengen, kantor kan m.a. leggje tilrette for orgelundervisning i samarbeid med fellesrådet. Reint konkret har Bjørgvin bispedøme i samarbeid med Griegakademiet og Bergen kirkelige fellesråd invitert til seminar med orgelelevar frå heile bispedømet (under Barnas festspilldag). Dette vart svært vellukka, komande vår (2. juni 2005) arrangerer vi ny seminardag, dette vert eit liknande opplegg som i fjor.

Medarbeidarskap

I 2004 vart det gjennomført ei spørjeundersøking omkring medarbeidarskap i kyrkja. 4 kyrkjelydar var med og 150 medarbeidarar svarte på mange spørsmål omkring deira teneste i kyrkja. Verdifulle svar skal leggje grunnen for eit arbeid som skal koncentrere seg om frivillige medarbeidarar og korleis taka vare på dei i våre kyrkjelydar.

Tiltak for menneske med utviklingshemming

Det har ikkje vore arrangert bli-kjent-i-kyrkja kurs dette året. Det er likevel grunn til å tru at planlegging/motivering i 2004, konkret vil føra til at det vert avvikla minst to slike kurs i 2005.

Familiegudstenestene i Sælen i Bergen har funne eit spor som vi ynskjer å halda fram i. Dei to siste gudstenestene vi har gjennomført, har skjedd saman med Sælen menighet. Akkurat dette grepet har vore vellukka, fordi vi er fleire som deltar, vi vert mindre sårbare om nokre nøkkelfamiliar ikkje har høve til å delta og vi får ein auka integrerande effekt. Samstundes er forma på gudstenestene tilpassa menneske med utviklingshemming.

Vi har hatt eit vellukka gjennomført konfirmantopplegg for ungdom med utviklingshemming i Skjold kyrkjelyd i Bergen. Gruppa hadde 13 deltagarar. At det kvart år vert ei gruppe som har sitt eige opplegg reiser ein del spørsmål. Kvifor er det naudsynt å ha eigne konfirmantgrupper? Er det vanskeleg å laga eit konfirmantopplegg som kan passa for alle? På den andre sida går dei kyrkjestabane som gjennomfører desse opplegga inn i ein veldig viktig prosess, som set i gang ein refleksjon som i neste omgang legg grunnlaget for meir integrering. Viktigast for denne framgangsmåten er likevel eit bevisst val frå foreldra. I tillegg har integreringsdiakonen hatt mange vegleiungssamtalar vedkomande einskildkonfirmantar med særskilte behov. Det er ein aukande etterspurnad etter vegleiing på dette området.

Bjørgvin Bispedømeråd har vedteke å innleia eit samarbeid med Kirkens Sosialtjeneste for å etablera ein bufellesskap på ein kristen/diakonal basis i Bergen. Dette er eit pionérprosjekt som vi har store forventningar til og som vi håpar å få realisert.

Tiltak for foreldre og tilsette omsorgspersonar til menneske med utviklingshemming

Det vart for femte gong arrangert foreldreweekend på Helgatun hausten 2004, med tema "Ho veks det nok av seg." Vi var om lag 25 deltagarar denne gongen. Sjølv om mange meiner at dette tiltaket må halda fram, har vi avgjort førebels å leggja ned weekend-tilbodet og heller satsa på eit

dagsseminar og utvida våre samarbeidsrelasjonar til fleire av interesseorganisasjonane regionalt. Grunnane til minkande oppslutnad kring foreldreweekendane ser ut til å vera samansette; mange har fått mykje ut av dei weekendane vi har arrangert og det synest som vi har møtt eit behov som var der – der og då. Samstundes ser det ut til at det dei siste åra har dukka opp nye diagnoseforeiningar, som eit stykke på veg oppfyller foreldra sine behov for eit interessefellesskap. Vi er med andre ord blitt fleire aktørar på bana. Dette må vi ta konsekvensane av.

Vi har avvikla eit velluka sorgseminar for Balestrand og Vik kommunar, v/ integreringskonsulent Einar Sand frå Agder bispedøme. Tilsvarande kurstilbod vart planlagt for Askøy kommune, men vart avlyst pga for lita interesse, akkurat her. Vidare har Kursutvalg Vest arrangert sorgkurs med kommunalt tilsette som målgruppe, med kapellan Roar Strømme som kurshaldar. Dette er blitt eit kurskonsept som vi tilfreds ser vil bli vidareført.

Forbruk og rettferd

Etter å ha oppnådd status som eit slags ”føregangsbispedøme” på dette området dei siste 3 åra, tilsette Bjørgvin bispedømeråd eigen prosjektmedarbeidar for forbruk og rettferd i halv stilling i eitt år 2004/05. Stillinga har tidlegare vore forankra hjå Grønn Hverdag i eit samarbeidsprosjekt knytt til ”Grøne kyrkjelydar”. Bispedømerådet tek no eit større ansvar for stillinga, økonomisk og fagleg. Ressursgruppa for miljø og rettferd i Bjørgvin har framleis ei nøkkelrolle i satsinga på forbruk og rettferd.

Grøne kyrkjelydar

Dette prosjektet har alltid vore kjernen i bispedømerådets satsing på ”forbruk og rettferd”. Første fase i prosjektet vart avslutta i april 2004, og det vart laga eigen rapport for prosjektet. Fokus i første fase har vore på informasjon og inspirasjon til tilsette og frivillige i kyrkjelydane. Innsatsen i

2004 vart prioritert retta inn mot Sogn og Fjordane fylke. Dei viktigaste tiltaka var medarbeidarsamlingar i prostia, etablering av kontaktpersonar, butikkaksjon for etisk handel (sjå under) og inspirasjonssamling for frivillige ”eldsjeler” og tilsette med 45 deltagarar. I andre fase i prosjektet frå hausten 2004 vart større fokus retta mot å få på plass system for miljøleiing i kyrkjelydane og fellesråda, slik at dette engasjementet også får prege drift og forvaltning. Etter utprøving av ulike modellar, har vi landa på Miljøfyrtårn, og deltek i utviklinga av nye bransjekrav for fellesråd/kyrkjelydar.

Grøn Stat

Bispedømerådet gjorde i mars vedtak om korleis ein vil innføre miljøleiing i samsvar med prinsippa i Grøn Stat, og avgrensa arbeidet til bispedømekontoret i første omgang. Bispedømekontoret valde å sertifisere verksemda på kontoret etter krava i Miljøfyrtårn. Desse krava går lenger enn krava i Grøn Stat. Ein tek sikte på sertifisering i mai/juni 2005.

Miljøfyrtårn

Ein har også vald Miljøfyrtårn som modell for systematisk arbeid med miljø og rettferd i kyrkjelydane. Eit forsok på å få med Bergen Kirkelige Fellesråd på eit pilotprosjekt førte ikkje fram. På slutten av året vart det etablert eit samarbeid med Fjell sokneråd om eit slike pilotprosjekt for å gjennomføre Miljøfyrtårnsertifisering av fellesråd-delen av verksemda i Fjell kyrkjelyd. Her deltek vi i ein koordinert prosess med kyrkjelydar i Stavanger og stiftinga Miljøfyrtårn, som tek sikte på å utarbeide nye ”bransjekrav” for kyrkjelydar/fellesråd i 2005.

Etisk handel/ Max Havelaar

I samband med prosjektet ”Grøne kyrkjelydar” vart det gjennomført testing av meir enn 60 daglegvarebutikkar i Sogn og Fjordane. Ein representant frå vår ressursgruppe deltok i aksjonen saman med frivillige frå dei lokale kyrkjelydane. Butikkane vart testa på vareutval, pris, profilering og kunnskap om merkeordningane for rettferdige og

økologiske varer (Max Havelaar/Debio). Aksjonen fekk pressedeckning i Vestlandsrevyen, NRK Sogn og Fjordane, samt ca. 8 regionale og lokale aviser.

Skapingsdag

Oppmodinga til kyrkjelydane om å halde skapingsdag har ikkje hatt særleg effekt. I 2005 vert det større fokus på denne saka, med eigne markeringar ved ulike høve.

Homofile i kyrkja

Biskopen har oppnemnd prosten i Hardanger og Voss til å vere Bjørgvin bispedøme sin kontaktperson med ”Åpen kirkegruppe”. I 2004 har dei arrangert 8 gudstenester i Nykirken/Nykirken kapell. I 2004 hadde prosten ei av gudstenestene, han var med på årsmøtet, har følgd foreldregruppa og vore til stades på ei gudsteneste under Homodagene 2004. Både bispedømet og Åpen kirkegruppe ser positivt på denne kontakten.

Tilskot til kyrklege verksemd i kommunane

Tildelt tilskot til kyrklege verksemd i kommunane innan Bjørgvin bispedøme var i år 2004 om lag kr. 11,4 mill., mot kr. 14,1 mill. i år 2003 og kr 13,0 mill i år 2002. Føremålet med tilskotet er å styrke den kyrklege verksemda ut over det som er kommunane sitt økonomiske ansvar etter kyrkjelova. Vi har ikkje motteke formelle meldingar om at tilskotet vert nytta til føremål som skulle vore finansiert av kommunane, men det er vårt klare inntrykk at mange fellesråd er avhengige av dette tilskotet for å halde oppe regulær drift.

Mange fellesråd har gjennom dei siste åra fått redusert eller berre vidareført løyvingar frå kommunane. Dette har ført til eit endå større press på den lokale kyrklege økonomien. Lenge har vi frykta at dette ville gå utover talet på stillingar, gudsteneste-tilbodet eller andre kyrklege tenester. I løpet av det siste året er dette vorte ein realitet. To fellesråd har sagt opp ei prestestilling, som var lokalt finansiert. Også hjå kyrklege fellesråd i Bergen står fleire

stillingar i fare fordi løyvingane ikkje strekk til i hove til lønsutviklinga.

Kyrkjelov

I 2004 godkjende departementet planane for nye Erdal kyrkje på Askøy. I tillegg til denne saka, har biskopen hatt sju saker knytt til ombygging av kyrkjer. Han har hatt ei orgelsak med godkjenning av mellombels orgelloysing. Det har vore to saker om fellesråd sin bruk av kapitalen i kyrkjefond. Biskopen har hatt tre saker der det er gjeve røysterett i eit sokn til medlemer som ikkje bur i soknet.

Gravferdslov

Innan utgangen av året var fem saker om kyrkjegardsvedtekter avgjort i medhald av bispedømerådet sitt delegasjonsreglement.

Bispedømerådet har i 2004 handsama to klagesaker knytt til kyrklege fellesråd sine vedtak kring flytting av gravlagde eller plassering av gravminne.

Fire planar for anlegg, utviding, anna vesentleg endring eller hus på kyrkjegardar er handsama og avgjort i medhald av bispedømerådet sitt delegasjonsreglement. Dette er sju saker mindre enn året før. I saker om arealdisponering til kyrkjegardsføremål er bispedømerådet statleg faginstans og har gjeve fråsegn i ti saker knytt til reguleringsplanar eller kommunedelplanar.

Bispedømerådet godkjende to gravplanar og ei mellombels stenging av gravplass. Dessutan vart det gjeve dispensasjon på søknad om at eit gravminne var høgre enn reglane i forskriftene til gravferdslova tillet. To ferdig utvida kyrkjegardar vart godkjende.

Bispedømerådet godkjende tre søknader frå sokneråd/fellesråd om løyve til å ta opp lån. I kommunar som har fått forbod frå fylkesmannen til å ta opp lån, hender det at fellesrådet tek opp lån for å finansiera innkjøp som dei vonar å få refundert av kommunen seinare.

Bispedømerådet har gjeve fråsegn i ei offentleg høyring knytt til lov mot etnisk diskriminering.

Kyrkjelege bygningar og inventar

Det er eit jamt tilfang av saker om godkjenning av inventar og utstyr til kyrkjene. I 2004 vart nær 80 saker handsama. 147 av dei 277 kyrkjene i bispedømet er listeført hos Riksantikvaren som freda eller verneverdig. Saker om inventar og utstyr og ombyggingar når det gjeld desse kyrkjene vert lagt fram for Riksantikvaren til fråsegn før biskopen tek avgjerd. Som ei forsøksordning skal alle saker i åra 2004 – 2007 knytt til listeførte kyrkjer i Bergen handsamast av Byantikvaren i Bergen. Vi har enno ikkje hatt slike saker, så det står att å gjera erfaringar i samarbeidet med Byantikvaren.

Eit fagråd for kyrkjeleiar førebur dei fleste sakene og rår til eller rår frå godkjenning. Utvalet har ein tekstilkunstar, ein forskar/forfattar og ein prest som medlemer. Ordninga med fagrådet fungerer godt. Den største saka fagrådet hadde i 2004, var arbeidet med å skaffe biskopen ei ny bispekapé til 10-årsjubileet som biskop i september.

Kommunikasjon

Bispedømerådet og biskopen gjorde i 2004 vedtak om ein felles kommunikasjonsstrategi. Nettsidene skal utviklast til å bli den viktigaste kanalen for informasjon.

Fellesutsendingar i posten vert i aukande grad erstatta av e-post. Informasjonsbladet Stiftsnnytt er lagt om til å dekkja tema som er i tråd med bispedømet sin strategi. Bladet kjem ut med to utgåver i året, i 2004 var tema ”Barn, dåp og fadrar” og ”Kyrkje og skule”. To gonger i året kjem også ein trykt ”Stiftskalender” med oversyn over bispedømekontoret sine tiltak.

Kommunikasjonsstrategien føreset at kommunikasjonstiltaka skal evaluerast gjennom brukarundersøkingar.

Bispedømerådet og biskopen er jamleg i media, i dei aller fleste tilfelle i positive oppslag.

IT

Data teknologien er eit svært nyttig hjelpemiddel for bispedømeleiinga i det daglege arbeidet med forvaltning og kommunikasjon med omverda. I løpet av det siste året har tilliten til OVF-nettet vorte svekka. Fleire nære samarbeidspartar melder om utryggleik og feil i bruken av e-post. Konkrete problem er meldt til dei ansvarlege, utan at situasjonen har betra seg. Vi har kome i underskot på tillit, noko som ikkje er bra i høve til den foreståande innføringa av nytt elektronisk saksbehandlar- og arkivsystem. I neste omgang skal vi invitere presteskapet til å bruke nytt elektronisk personalsystem (bl.a. reiserekningar). Det er heilt grunnleggjande at dei ordinære funksjonane fungerer tilfredsstillande innan det vert innført store nye system.

Biskopen sitt tilsynsansvar og vigslingsmynde

Visitas og vigslig

Grunna avslutninga av barneåret om våren og premisjon om hausten gjennomførde biskopen berre 6 visitasar i 2004: Leikanger, Askøy og Hyllestad på våren og Solund, Fana og Vossestrand om hausten. I tillegg kom visitasar ved sjømannskyrkjene. Han ordinerte 9 prestar og vigsla 3 kateketar og ein diakon og ein kantor.

Sjømannskyrkja / Norsk kyrkje i utlandet

Biskopen fører tilsyn med Sjømannskyrkja. I 2004 vigsla han to sjømannskyrkjer, Fuengirola og Torrevieja i Spania og visiterte sjømannskyrkjene i Fuengirola, Malaga, Madrid og Torrevieja i Spania og Hongkong, Shanghai og Beijing i Kina.

Besøket på sjømannskyrkjene aukar også i 2004. 653.671 var i kontakt med sjømannskyrkjer verda over (mot 638.560 i 2003). Mest populær er sjømannskyrkja på Gran Canaria med i alt 61.100 besökande. Gudstenestedeltakinga i fjor var rekordhøg,

med 140.489 deltagarar (mot 133.249 i 2003). Nattverddeltaking er òg aukande. Dette stadfester ei utvikling ein har sett i fleire år. Sjømannskyrkja lukkast i å gje folk frimod til å definera seg innanfor det kyrkjelege fellesskapet.

Prostetenesta

Det er gjennomført eit leiartreningsprogram med fokus på endringsleiing for prostane som vart avslutta i februar i år. Prostane er i full gang med arbeidet med å utforma lokale modellar for implementering av dei nye tenesteordningane i sine prosti, og prosessen er inne i eit positivt spor.

Prestetenesta

Ei særskilt tilstandsvurdering i lys av hovudmål 2 i tildelingsbrevet

*Hovudmål 2: Prestane skal ha slik verdiforankring og identitet, og slik fagleg og strategisk kompetanse, at dei forordna tenestene og den kyrkjelydsbyggjande verksemda elles, vert ivaretatt med kvalitet.
Kyrkjelydane og den einskilde kyrkjemedlem skal sikrast regelmessig geistleg betjening og inspirerast til å verka i samsvar med vår kyrkje si lære og ordningar. Nye medarbeidarar skal vigslast og kallast.*

Organisering og leiing av prestetenesta.

Resultatmål 3.2.1: Leiinga av prestetenesta skal vera basert på ansvarsfordelinga mellom embets- og rådsstrukturen i kyrkja og på eit samvirke mellom prestane og andre kyrkjelege tilsette.

Rekrutteringstiltak

Biskopen hadde møte med studentar på MF og TF på våren og seksjonsleiar for kyrkjefag hadde på hausten. Desse møta med informasjon om bispedømet fungerer rekrutterande. Bispedømekontoret hadde også ansvar for å koordinera Den norske kyrkja sin stand på messa ”Utdanning 2004” i Bergen. Standen vart bemanna av ulike yrkesgrupper av kyrkjeleg tilsette. Dette året har det berre vore fem tilsettings-saker. For tre år sidan var talet 24! Dette har å gjere med nye tenesteordningar som forseinkar tilsettingsprosessane og relativt mange eksternt tilsette (nyutdanna eller frå andre bispedøme) som dermed ikkje gjev domino-effekt internt. Det har òg vore vakansar grunna rehabiliteringsprosjekt for bustader. Av dei fem er ei kvinne tilsett. Det er 20% av tilsettingane, og det vil vere eit resultatmål vi vil arbeida mot vidare også.

Vi har utarbeidd ny ordning for intervju der ein representant frå sokneråd, prost og tillitsvalt i innstillingssrådet får møta utvalde kandidatar allereie før soknerådet skal gje uttale. Bispedømerådet har lagt opp til at det skal kallast inn minst ei kvinne til intervju dersom begge kjønn er representerte på sokjarlista. Dette opnar for at kvinnelege sokjarar får hove til å presentere seg. Ordninga vert gjort gjeldande frå 2005.

Vikarordningar

Bjørgvin bispedøme har i år 2004 ført vidare ordninga med vikardekning slik denne har vore bygd opp over dei siste åra. Det ein har sett i 2004 er at det til tider har vore vanskeleg å skaffe kvalifiserte vikarar til kortare oppdrag. For lengre permisjonar som barselspermisjonar, har dette ikkje vore noko stort problem.

Framleis handterer prostane gjeldande ordning svært godt, og saman med dei prestane som i dag er i teneste finn dei gode, praktiske løysingar i dei fleste situasjonane. Vi har i 2004 sett ein liten auke av kostnader knytt til reiser / transport og mellombels bustad for vikarar i mellombels stillingar,

men det er for tidleg å seie om dette vil vare ved.

Arbeidsmiljø, Helse, miljø og tryggleik

I AMU/kontaktmøtet har vi drøfta ulike saker. Det har vore gjennomført ei evaluering av prøveordning der prosten har medarbeidarsamtaler med kapellanane. Den viste at ordninga gjer at kapellanane får årlege medarbeidarsamtaler, medan det i større grad varierte når sokneprestane hadde dette ansvaret. Evalueringa syntetiserte at det framleis er trøng for ei *tenestesamtale* mellom sokneprest og kapellan, og at informasjon om tiltak fra medarbeidarsamtalen bør gis til soknepresten. Dette vil vi laga rutinar for.

PF har laga ei undersøking om fridagsavtalen. Denne viser at fridagsavtalen fungerer langt betre enn tidlegare, men at det framleis er høve til å legga ordninga betre til rette. Vi ser også at jamt over er prosteseta særskilt belasta, og at det gjennomgående er fleire unytta fridagar hjå prostar og kapellan 1 enn i dei andre stillingane.

Det er arrangert samlingar med verneomboda og prostane med unnatak av Bergen. Her har ein drøfta deira oppgåver, korleis samordning med fellesråda fungerer, vernerundar og psykososialt arbeidsmiljø. Det er gjennomgåande få som vert kalla inn til vernerunde. Der dette tiltaket fungerer rapporterer verneomboda om positive prosessar.

Vi har gjennomført ein omfattande revisjon og oppdatering av Internkontrollhandboka i Bjørgvin. Denne vert lagt ut på våre nettsider etter at den er godkjent i AMU.

Fengselsprestetenesta

Fengselsprestetenesta har hatt ein jamn aktivitet det siste året. Mykje av prestetenesta baserer seg på samtalar. I 2004 vart det gjennomført 2000 individuelle samtalar. Ein har to gudstenester pr. veke. Samarbeidet med frivillige medarbeidarar gjev tilbodet kvalitet og breidde utover det prestane kan bidra med. Fengselsgruppa i Åsane menighet arrangerer treff i torgstuen i Åsane kyrkje ein gong i månaden. Frelsesarméen

har faste samlingar, Nor-kirken har arrangert Alphakurs for ei avdeling og prestane er med og administrerer visitor-tenesta som Raudekrossen driv i fengselet. Ei foreldre-barn gruppe var veldig aktiv første halvår. Det var ei fast samtalegruppe med fokus på å vere foreldre og innsette. Fengselsprestane vonar å få til ei fast organisering og tiltak for foreldre som sit i fengsel og kontakten deira med borna. Tverrfagleg samarbeid med dei andre yrkesgruppene fungerer godt. På ei brukarundersøking scora prestetenesta veldig høgt blant dei prestane hadde vore i kontakt med.

Prestebustader

Utviklinga over dei seinare år, der ein har sett vilje frå så vel OVF som frå kommunane til å gjere skikkelege vedlikehaldsløft i samband med presteskifte er i nokon grad vidareført i år 2004. Men ein ser framleis at kommunane sin økonomi påverkar vedlikehaldet av tenestebustader for prestar. I ein pressa situasjon er det vanskeleg å vinne gehør for at tenestebustader bør ha betre standard enn andre kommunale bustader.

OVF har i 2004 gjort ein god innsats saman med arkitektkontoret 4B i Sogndal for å kartleggje fondsbustadane i Sogn og Fjordane. Så langt ser vi her eit målretta arbeid retta mot å få ein forutsigbar struktur omkring arbeidsplanar og planar for bruk av ressursar som er svært tillitsvekkjande. Bispedømekontoret vil oppmuntre til at denne modellen vert innført for heile bispedømet.

Likestilling

Kjønnsfordeling i %	Totalt		Leiarstillingar (Prostar)		Øvrige stillingar	
	Kvinner	Menn	Kv.	Menn	Kv.	Menn
alle tilsette	9,7	90,3	0	100	-	-
heiltidstilsette	9,7	90,3	0	100	-	-
deltidstilsette	10	90	0	100	-	-
Gjennomsnitts- løn (1000 kr)	348	357		452		

Av dei tiltak som er iverksett i 2004 er eit særskild møte på våren som biskopen hadde med studentar i Oslo på Menighetsfakultetet der også studentar frå Teologisk Fakultet på Blindern var inviterte. Temaformuleringa på møtet var : Bjørgvin ynskjer fleire kvinner som prestar!! Det var også invitert ein kvinneleg student frå TF som hadde hatt lengre vikariat i bispedømet. Både mannlege og kvinnelege studentar frå begge fakultet deltok. Dette vart følt opp med eit eige møte med studentar på Praktisk Teologisk Seminar hausten 2004 med same tema. På kurset for teologistudentar som Bjørgvin saman med Agder og Stavanger var ansvarleg for var det lagt vekt på at kvinnelege prestar var blant bidragsytarane.

Bispedømerådet har utarbeidd ei nyordning med intervju der minst ein kvinneleg sokjar skal vere kalla inn i tillegg til andre kandidatar som er spelt inn frå sokneråd, prost og Presteforeininga (PF). Vi ser elles at rekruttering til vikarstillingar også er ein nyttig reiskap for å spreie kjennskap til bispedømet mellom kvinnelege prestar. Temaet har vore drøfta i kontaktmøtet med PF og biskopen har arbeidd vidare med arbeidsgjavar si rolle.

Kompetanseutvikling

Resultatmål 3.2.2: Prestane skal stimulerast til å utvikla sine kunnskapar, dugleikar, haldningar og verdiar, i tillegg til sin motivasjon for tenesta, slik at den enkelte presten og bispedømet samla har den kompetansen som skal til for å mota utfordringane i tenesta. Leiaturvikling for kvinner skal vera eit prioritert område.

REU har valt å prioritera tre område; Vi ønskjer å stimulera til deltaking på SPP-modulane, vi ønskjer å gje høve for individuelle studieprosjekt, og vi vil gje rom for kompetanseutvikling i prostia .

14 av prestane deltok i 2004 på ein SSP modul; to på pastoralklinisk utdanning, fem på KSR (Kristen spiritualitet og retreat), fire på leiaturvikling (PLU), to på liturgisk vidareutdanning og ein på Jødisk tradisjon.

Det var stor interesse også for dei nye modulane om åndeleg vegleiing.

Det andre området er individuelle studiepermisjonar for seniorgruppa. Desse har hatt lang og trufast teneste, og er mindre motiverte til SPP- forma for etterutdanning. Også yngre prestar med målretta studieprosjekt har fått godkjent slik permisjon. To store prosjekt om Kristuskransen, eit knytt til konfirmantarbeidet og eit til skule-kyrkjesamarbeidet kan nemnast spesielt. Seniorgruppa hadde også to eigne fagdagar støtta av Statskonsult med utfordringane i konfirmasjonsførebuinga som tema.

Det siste prioriterte området for kompetanseutvikling er knytt til prostivise eller bispedømevise fagdagar, konferansar og liknande. Tematikken i prostivise fagdagar vert drøfta i kontaktmøta mellom prost og lokale tillitsvalde. I 2004 arrangerte bispedømet ein tverrfagleg konferanse om barn i vanskelege oppvekstvilkår arrangert i Bergen.

I undersøkinga om medarbeidarsamtalane kom det fram at prostane hadde tydleg fokus på kompetanseutvikling for kvar einskild prest. Dette førte til mange individuelle planar for kompetanseutvikling.

Rapport fra spørjeundersøkinga om medarbeidarsamtaler vert lagt som vedlegg.

I tillegg har vi i personalpolitikken aktivt ønska å nytte jobbrotasjon som eit verkemiddel i samband med kompetanseutvikling i presteskapet.

Retreatarbeidet

Det vart arrangert to retreat i 2004: I mars på St Joseph Retrettsenter, Nesøya, 10 deltakarar.

I oktober på Holmely Retreatsenter, Nordfjord. 13 deltakarar.

Interessa for desse samlingane er aukande. Tilbakemeldingane er svært positive. Folk kjem til retreatsamlingane med forskjellig bakgrunn og behov. Evalueringane viser at

alle vert møtt der dei er. Dette har gitt god stadfesting og nytt frimod i tenesta. Retreatarbeid i prostia har vore drøfta og eit av prostia har gjennomført eit stille døger under eit konvent i november. To prosti planlegg retreat for prestane sine i 2005. Styringsgruppa for retreat i Bjørgvin planlegg tre retreat i 2005.

Arbeidsvegleiing (ABV)

To nye vegleiingsgrupper vart starta i 2004, med desse to nye gruppene var det i alt ti grupper i sving. Åtte av desse vart avslutta ved utgangen av 2004. Ei vert avslutta tidleg våren 2005.

Evalueringa av dei tre seniorgruppene viser at dette har vore ei riktig satsing.

For vegleiarane vart det arrangert ein fagdag med tema: "Følsomme tanker og tenkende føleser", ved filosof og forfattar Nina Karin Monsen. I løpet av 2004 har vegleiarane sjølv gått i gruppevegleiing.

Seniorpolitikk og fritid

Resultatmål 3.2.3: Prestane sine fritidsordningar og arbeidsforhold skal bidra til å gjera prestetenesta attraktiv og til å motivere prestane til livslang presteteneste.

Seniorprestane er ikkje mellom dei som aktivt har gått inn i fridagsordninga. Mange har lagt seg til ein arbeidsstil som ikkje skiller tydleg mellom arbeid og fritid. Dette er noko vi også registrerer i form av manglende kvartalsrapportar frå ein høgare del av denne gruppa enn andre prestar.

Til målsettinga som departementet har sett, ligg det ein føresetnad om at det er ein samanheng mellom fritidsordningar og motivasjon til presteyrket. Det er vel grunn til å tru at motivasjonen til presteyrket framleis ligg i tenesta, meir enn i fritida. Når det er sagt, er kvile og avkopling som vekentleg impuls ein viktig helseførebyggjande faktor.

Eit av dei tiltaka som har vore sett inn i høve seniorpolitikken, er tilbod om ABV-grupper for seniorane. Verdien av reine senior-

grupper synest å vere stor endå nokre år. Dei fleste av seniorane er ukjende med ABV og treng den tryggleiken det gjev å vere saman med likesinna. Dei yngre er meir vande med arbeidsvegleiing. Om nokre år er det difor kanskje ikkje lenger så aktuelt med reine seniorgrupper.

Det er i slike grupper at ein òg kan leggja til rette for ei kulturendring i høve fritidsordning for seniorprestane.

Det vart gjennomført ei større undersøking i sommar om fritidsordninga frå departementet si side. Vi ber om at PF sentralt og departementet samordnar slike større undersøkingar i framtida. I Bjørgvin var PF sin undersøking nett lagt fram og drøfta i organisasjonen før departementet si undersøking kom.

Kommentarar til årsrekneskapen 2004

Drifta av bispedømekontoret og arrangementverksemda (kap. 0340/3340 post 01) vart gjort opp med eit overskot på om lag 0,4 mill. Dei viktigaste grunnane til dette er:

- Medviten styring mot eit overskot på om lag kr 235 000. Frå år 2003 vert overført om lag kr 480 000 i unytta midlar til år 2004. For å sikre ei "mjuk landing" budsjettmessig i år 2005 og vidare har ein lagt opp til ei disponering av 2003-overskotet over fleire år.
- Medio desember vart gjeve tilleggsøyving på kr 56 000 til dekning av lokale lønsforhandlingar. Etterbetaling løn i tråd med desse lønsendringane er først gjort i januar 2005.
- Bispedømet lanserte i år 2004 prosjektet "Grønt bispedøme" i samarbeid med eksterne, m.a. Hordaland fylke. Eksterne tilskot til dette prosjektet vart ikkje fullt ut nytta i år 2004. Prosjektet held fram i år og unytta eksterne midlar

på kr 66 000 innbetalt i fjor er føresett nytta i år 2005.

- Vakansar fastløn / meirinntekt sjukepengar gav om lag kr 50 000 i innsparing.

Drifta av presteskapet (kap. 0341/3341 post 01) vart gjort opp med eit overskot på om lag 1,36 mill. Dei viktigaste forklaringane er:

